

SAK 18/21 GJENNINFØRE HALLINGDAL TINGRETT

Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal handsama i sak 24/20 uttale til NOU 2019:17 Domstolstruktur og for forslag om endring i rettskretsane og domstollova (vedlagt), der det m.a. står:

«Regionrådet for Hallingdal vil sterkt rå til at Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett må oppretthaldast og at det blir vurdert vidare om nedslagsfeltet og ansvar kan utvidast. Ei samlokalisering av tingrett og jordskifterett bør vera eit føredøme for fleire regionar i Norge. Det sikrar kvalitet, solid fagmiljø og nærleik for bukarar. Ei slik samlokalisering bør kunne vera eit like godt alternativ som å slå saman ulike tingretter eller ulike jordskifteretter.

Regionrådet for Hallingdal gav også i brev 16.11.2020 synspunkt på forslag ny domstolstruktur, vedlagt.

I [Hurdalsplattformen](#) seier regjeringspartia følgjande ver. omorganisering av domstolane, regjeringa vil:

- *«Gjeninnføre strukturen for domstolane før domstolsreforma av 2021 for å vareta borgaranes rettstryggleik og sikre sjølvstendige domstolar med stadleg leiing, med unntak for domstolar der domstolsleiar, kommunane i rettskretsen og dei tilsette gjennom sine tillitsvalde er samde om å oppretthalde dagens struktur.*
- *Legge til rette for at domstolar kan samarbeide betre, og greie ut korleis mindre domstolar kan styrkjast for å gjere dei mindre sårbare.»*

Ut frå Regionrådet for Hallingdal sine tidlegare klare synspunkt (vedlagt) og regjeringa si plattform blir det føreslege følgjande:

Forslag til vedtak:

Hallingtinget som det øverste politiske samarbeidsorganet i Regionrådet for Hallingdal (kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol) med 5 kommunestyremedlemmer frå kvar kommune, der den eine er ordføraren, ber om gjennføring av Hallingdal tingrett som sjølvstendig leia domstol. Dette vil gi det beste domstoltilbodet i form av nærleik, tilgjenge og rettstryggleik til innbyggjarane i dei seks kommunane i Hallingdal.

Hallingtinget syner til tidlegare vedtak i Regionrådet for Hallingdal og ikkje minst regjeringa si politiske plattform (Hurdalsplattforma).

Hallingdal 20.10 2021
Knut Arne Gurigard
Seniorrådgjevar

Vedlegg 1: [Regionrådet for Hallingdal sak 24/20, uttale til NOU 2019:17 Domstolstruktur og for forslag om endring i rettskretsane og domstollova](#)

Vedlegg 2: Synspunkt på forslag ny domstolstruktur, Regionrådet for Hallingdal 16.11.2020


SYNSPUNKT, FORSLAG NY DOMSTOLSTRUKTUR

1. Innleiing

Regionrådet for Hallingdal vil i dette notatet koma med synspunkt på forslag til ny domstolstruktur, med viktige problemstillingar for Hallingdal. Dette kan og ha overføringsverdi til andre tingrettar.

Regionrådet ser med stor bekymring på forslaget til ny domstolstruktur, der Hallingdal vil miste sin tingrett og jordskifterett å stå att med kontorstad (rettsstad). Dette samsvarar på ingen måte med forventningar og «heiarop» etter at Hallingdal som region tok grep og det vart ei samlokalisering av Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett i Nesbyen.

Utgangspunktet her var m.a. Justisdepartementet som i 2014 ba domstolane om å koma med synspunkt på samlokalisering. I 2015 skrinla DA forslag til samlokalisering av domstolane i Hallingdal. Etter fleire oppturar og nedturar vart det likevel i 2018 gjeve grønt lys for eit felles rettscenter i Hallingdal. Det vart signert avtale mellom DA og Nesbyen kommune, som med tru på langsiktig tenking tok nødvendige og store grep, og ny rettsbygning stod ferdig i 2020.



2. Oppsummering, hovudbodskap

- Med regjeringa sitt forslag vil Hallingdal opphøyre som eigen rettskrets og domstol både for tingrett og jordskifterett. Regionrådet for Hallingdal vil sterkt rå til at Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett må oppretthaldast.
- Regionrådet for Hallingdal har i dei siste sju åra vore sterkt engasjert i å sikre og utvikle tingretten og jordskifteretten i Hallingdal. Saman med kommunane i Hallingdal, Domstolsadministrasjonen, departement og Storting har det vore arbeid for å finne gode løysingar som er bærekraftige og som tek distriktsmessige omsyn. Det er no etablert eit felles rettsenter på Nesbyen, med samlokalisering av tingrett og jordskifterett i nye lokalar med to moderne rettssalar (formelt på plass frå 1.1.2021), og som Nesbyen kommune har bygd. Dette er eit glimrande eksempel på samarbeid i Hallingdal, mellom tingrett og jordskifterett og forståing frå sentrale styresmakter.
- Regionrådet for Hallingdal er sterkt bekymra for kva kraft og vilje det er til å utvikle dei ulike rettsstadane i distrikta. «Om og i hvilket tempo endringer i rettsstedene bør skje, vil blant annet bero på leieavtaler, bygningsstandard, ansettelsesforhold og sakstilfang.» Denne type formuleringar, som er regjeringa sitt syn, er ikkje med å gje tryggleik for at det er reell vilje til satsing på distrikta.
- Regionrådet for Hallingdal vil på det sterkaste rå i frå at Domstoladministrasjonen skal få mynde til å opprette eller legge ned rettsstader. Dersom kommisjonen sine hovudsynspunkt skulle bli gjeldande, vil det ikkje vera nokon garanti for at ein rettsstad blir oppretthalde, alt vil ligge i hendene på ein Domstoladministrasjon som har ei usvikleg tru på at effektivitet og kvalitet er lik store einingar. Dette er svært avgjerande prinsipielle spørsmål som Regionrådet for Hallingdal meiner burde vore klarlagt før handsaming av saka.
- Det er ikkje dokumentert at små domstolar leverar dårlegare verken på kvalitet eller effektivitet. Det blir gjeve inntrykk av at større fagmiljø gir betre domstolar. Dette er ikkje dokumentert. Når det gjeld rettstryggleik er det heller ingen grunn til å tru at store domstolar i større grad sikrar ein robust domstol med stor tillit.
- I eit heilt nødvendig digitaliseringsløft for domstolane bør eit velfungerande system for fordeling og utveksling av saker og dommarar på tvers av rettskretsar vera ei viktig tema. Effektane av denne type tilnærmingar bør vurderast før den enkle og «gamaldagse» tilnærminga med strukturendring eventuelt blir gjennomført.
- Dersom forslaget frå Regjeringa blir vedteke må det fastsetjast ei minimumsbemanning i forskrift, der det blir slege fast eit fast minste tal dommarar og sakshandsamarar ved kvar rettsstad. Dette er avgjerande for å sikre brukarane den same nærleiken til domstolane som i dag. Dette vil og sikre arbeidsplassar i distrikta som krev høgare utdanning, og marknadsgrunnlag for advokatkontor som er med å gje innbyggjarane tilgang til juridisk kompetanse. Slike heilskaplege, distriktspolitiske og samfunnsmessige omsyn må vera ein del av vurderingane, slik også målsettingane med statlege arbeidsplassar i distrikta er.

3. Fakta

Ut frå diverse utsegner og mediaoppslag klargjer her Regionrådet for Hallingdal si forståing av nokre omgrep:

- Tingrett (60 stk) er ein domstol som dekker eit bestemt geografisk område som blir omtala som rettskrets eller domssogn.
- Jordskifterett (34 stk.) dekker eit bestemt geografisk område som blir omtala som rettskrets eller jordskiftesogn.
- Det er ein domstol i kvar rettskrets
- Dei fleste rettskretsane har ein rettsstad (tinghus), men det er nokre unntak. T.d. Kongsberg og Eiker tingrett, som har rettsstad både på Kongsberg og i Hokksund. I dag er det totalt 69 rettsstadar
- Hallingdal er i dag ein eigen rettskrets, både for tingretten og jordskifteretten (inkl. Nore og Uvdal)
- Etter domstolova § 22 bestemmer Kongen riket si inndeling i rettskretsar for tingrettane. Etter domstolova § 25 fyrste ledd ligg det til Domstoladministrasjonen å fastsetja ein eller fleire faste rettsstader for tingrettane, og dermed tingrettane si lokalisering innanfor den enkelte rettskrets. Mynde etter § 25 omfattar også mynde til å fastsetja jordskifterettane sine rettsstader.

4. Regjeringa sitt forslag

4.1 Rettskretsar

- Tingrett: Reduksjon frå 60 til 23 rettskretsar
- Jordskifterett: Reduksjon frå 34 til 19 rettskretsar
- Endring for Hallingdal

Dagens ordning	Forslag	Forslag bemanna rettsstader
Tingrett		
Hallingdal	Buskerud	Nesbyen
Kongsberg og Eiker		Kongsberg, Hokksund
Drammen		Drammen
Ringerike	Ringerike, Asker og Bærum	Hønefoss og Sandvika
Jordskifterett		
Nedre Buskerud	Vestre Viken	Drammen
Øvre Buskerud		Nesbyen

Med andre ord vil Hallingdal opphøyre som eigen rettskrets både for tingrett og jordskifterett.

Regionrådet for Hallingdal har registrert at det er ein pågåande polemikk om domstolar blir lagt ned eller ikkje, i forslaget frå regjeringa. Det er ingen tvil om at forslaget er samanslåing av domstolar og med det reduksjon. Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett som

sjølvstendig domstol vil bli lagt ned. Om det i ein større spissfindig samanheng skal tolkast som nedlegging eller ikkje, er ikkje så interessant. Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett blir historie, og Hallingdal opplever med forslaget å miste sin tingrett og jordskifterett, der Drammen med stor sannsynlegheit vil bli hovudkontor. At tinghus skal nyttast som rettsstad er ei heilt anna sak.

4.2 Endringar i domstollova

Regionrådet for Hallingdal vil peike på to forhold i forslag til endring av domstollova.

Myndighet til å fastsette og legge ned rettssteder

Sitat frå Prop. 11L (2020 – 2021) departementet si vurdering:

«Om og i hvilket tempo endringer i rettsstedene bør skje, vil blant annet bero på leieavtaler, bygningsstandard, ansettelsesforhold og sakstilfang. Dette er administrative forhold som det i utgangspunktet er nærliggende at Domstoladministrasjonen, som ansvarlig for driften av domstolene, tar stilling til. Som høringen har vist, er imidlertid domstolenes lokalisering også et viktig politisk spørsmål. Nærvær av et rettslokale i et lokalsamfunn gir kompetansearbeidsplasser i distriktet i form av dommerstillinger, og markedsgrunnlag for advokatkontorer, noe som bidrar til innbyggernes tilgang til juridisk kompetanse både i og utenfor rettsalen. Slike helhetlige, distriktpolitiske og samfunnsmessige hensyn vil kunne komme i bakgrunnen dersom beslutninger om domstolenes lokalisering skal fattes administrativt basert på rent domstolfaglige og økonomiske vurderinger. Dette illustrerer også at de demokratiske hensynene som lå til grunn for arbeidsfordelingen som i sin tid ble fastsatt mellom domstolene som statsmakt og Domstoladministrasjonen på den ene siden, og Stortinget og regjeringen på den andre siden, fortsatt gjør seg gjeldende. Dette taler for å klargjøre i lovgivningen at avgjørelser om å opprette og legge ned rettssteder skal treffes etter politisk behandling.

På den annen side taler nettopp hensynet til maktfordeling og demokratiske prosesser for at spørsmål om kompetansedelingen mellom Domstoladministrasjonen og de øvrige statsmaktene bør avgjøres på et mer prinsipielt og kunnskapsbasert grunnlag.

Departementet er enig med Dommerforeningen og Stavanger tingrett i at dette spørsmålet henger sammen med spørsmål om domstolens uavhengighet og forholdet mellom domstolene og de øvrige statsmaktene.

Det fremgår som nevnt av Domstolkommisjonens mandat at kommisjonen skal vurdere om det bør gjøres endringer i dagens system for styring av domstolene, herunder hvilket forhold det bør være mellom Stortinget og regjeringen på den ene siden, og domstolene som statsmakt og Domstoladministrasjonen på den andre. Kommisjonen drøfter spørsmålet om kompetanse til å endre rettssteder i den andre og siste delutredningen. Høringsrunden viser videre at det er ulike synspunkter på hvor denne kompetansen bør ligge, samt i hvilken grad praksisen knyttet til nedleggelse av tingretter bør lovfestes.

Etter departementets vurdering er det på denne bakgrunn mest hensiktsmessig å avvente eventuelle lovendringer på dette punktet til oppfølgingen av den andre delutredningen. Spørsmålet om hvem som bør ha myndighet til å opprette og legge ned rettssteder er prinsipielt og har etter departementets syn en fremtredende politisk dimensjon. Departementet mener at en avgjørelse av dette spørsmålet bør skje på bakgrunn av et bredere beslutningsgrunnlag. Departementet foreslår derfor i denne omgang ikke å foreta endringer i domstoloven §§ 22 eller 25. Departementet forutsetter likevel at eventuelle fremtidige endringer i rettskretsene og domstolenes lokalisering inntil videre blir forelagt for Stortinget i tråd med praksis.»

Regulering av bemanning ved rettsstedene

Sitat frå prop., departementet si vurdering:

«Departementet er enig med Domstoladministrasjonen i at bemanningen er en viktig del av administrasjonen av domstolene. Avhengig av sakstilfang og andre ressurs hensyn vil behovet for både saksbehandlere og dommeres tilstedeværelse på det enkelte rettssted variere, både periodevis og på mer permanent basis. Departementet forutsetter likevel at rettsstedene har åpningstider og bemannes både med dommerressurser og saksbehandlerressurser, slik at funksjoner som krever fysisk oppmøte, for eksempel notarialbekreftelser, kan tilbys ved det lokale rettsstedet. Hvordan bemanningen konkret skal fordeles mellom rettsstedene i den enkelte rettskrets bør det etter departementets syn være opp til domstolleder å avgjøre.»

Og

«Departementet foreslår på bakgrunn av ovennevnte ikke å innføre en lovbestemmelse som gir adgang til å fastsette bestemmelser om minimumsbemanning.»

5.1 Kva er garantien for at ein rettsstad blir oppretthalde?

Regionrådet for Hallingdal meiner det ikkje bør vera tvil om at den type tilnærmingar og formuleringar som det er vist til i pkt. 4.2 er med å skapa stor uro i forhold til kor sikker ein rettsstad er. T.d.:«*Om og i hvilket tempo endringer i rettsstedene bør skje, vil blant annet bero på leieavtaler, bygningsstandard, ansettelsesforhold og sakstilfang.»*

Denne type formulering, som er regjeringa sitt syn, blir oppfatta som at t.d. Hallingdal i stor grad kan bli prisgjeve Domstolsadministrasjonen og ein domstolsleiar som sit i Drammen, når det gjeld fordeling av saker og styring over kva ressursar og aktivitetar Hallingdal skal ha. Og med det kva slags utvikling ein rettsstad i Hallingdal vil ha.

Regionrådet for Hallingdal har registrert at noko av motivet til regjeringa med å samle fleire domstolar i større rettskretsar, er å utnytte kapasitet og ressursar mellom dei ulike rettsstadane på ein betre måte. Det blir til og med peikt på at dette kan auke aktiviteten på rettsstadane ute i distrikta. Regionrådet er ikkje i tvil om at det kan gå an, men erfaringar med ulike statlege reforma har synt det motsette, ei forsterka sentralisering, noko som er godt dokumentert. Gode intensjonar og fagre ord blir overstyrt av ei meir eller mindre usynleg kraft.

Regionrådet for Hallingdal ser det som utfordrande å argumentere når det er «halvkveda viser», som i dette tilfelle: «*Spørsmålet om hvem som bør ha myndighet til å opprette og legge ned rettssteder er prinsipielt og har etter departementets syn en fremtredende politisk dimensjon. Departementet mener at en avgjørelse av dette spørsmålet bør skje på bakgrunn av et bredere beslutningsgrunnlag. Departementet foreslår derfor i denne omgang ikke å foreta endringer i domstolloven §§ 22 eller 25.»*. Dette er svært avgjerande prinsipielle spørsmål som **Regionrådet for Hallingdal** meiner burde vore klarlagt før handsaming av saka.

Men nokre retningar kjem fram i den siste delrapporten til domstolskommisjonen, NOU 2020:11 Den tredje statsmakt, 30. september 2020:

10.4 Myndighet til å endre rettskretser og lokalisere domstoler

«På denne bakgrunn anbefaler kommisjonen at myndigheten til å dele landet inn i rettskretser og lokalisere domstolenes hovedkontor fortsatt bør ligge til regjeringen og Stortinget. At disse grunnleggende beslutningene treffes av de politiske myndighetene, er etter kommisjonens syn viktig for å ivareta domstolenes demokratiske forankring i samfunnet. I praksis kan beslutningene treffes på samme måte som i dag, det vil si at spørsmål om sammenslåinger og lokalisering av hovedkontor forelegges Stortinget av regjeringen, som deretter vedtar endringer i domstolstrukturen ved kongelig resolusjon. Alternativt kan beslutningsmyndigheten formelt sett overføres til Stortinget, i den forstand at antall rettskretser og lokaliseringen av hovedkontor reguleres i alminnelig lov.»

Gode og fremtidsrettede beslutninger vedrørende rettskretsjusteringer og fastsettelse av andre rettssteder enn hovedkontoret forutsetter en viss kunnskap om og kjennskap til de lokale forholdene på stedet. Etter kommisjonens syn tilsier dette at domstolene bør gis økt innflytelse over disse spørsmålene. Når det gjelder hvilke organer som bør ha beslutningsmyndighet på dette området, har kommisjonen vurdert to alternative løsninger. Den første løsningen kommisjonen har vurdert, er å overføre noe beslutningsmyndighet til et organ hvor domstolene har betydelig innflytelse. **Konkret innebærer denne løsningen å legge myndigheten til å foreta rettskretsjusteringer samt opprette eller nedlegge rettssteder til Domstoladministrasjonens styre.** Domstoladministrasjonen har oversikt over domstolenes saksinnang, bemanning og ressursituasjon og vil derfor ha gode forutsetninger for å sikre tilstrekkelig grad av fleksibilitet i den enkelte rettskrets. Det bør i så fall presiseres at Domstoladministrasjonen ikke kan opprette eller nedlegge rettskretser, men bare foreta justeringer mellom dem. **Tilsvarende bør det presiseres at Domstoladministrasjonen ikke kan vedta endringer i domstolenes hovedkontor, men bare opprette eller nedlegge øvrige rettssteder.** Ettersom rettskretsjusteringer og fastsettelse av rettssteder er beslutninger av mindre overordnet karakter, er det etter kommisjonens syn ikke nødvendig at disse treffes ved kongelig resolusjon. Tvert imot kan det være behov for større fleksibilitet på dette området, noe som tilsier at beslutninger bør kunne treffes raskt og på et lavere nivå. Den andre løsningen kommisjonen har vurdert, er å sikre domstolenes innflytelse gjennom dialog og drøftelser med regjeringen. Konkret innebærer denne løsningen at myndigheten til å justere rettskretser fortsatt ligger hos regjeringen og Stortinget, men at det lovfestes en plikt for regjeringen til å drøfte endringsbehovet med Domstoladministrasjonen og berørte domstoler. Det er i og for seg selvsagt at berørte domstoler og Domstoladministrasjonen skal høres i slike prosesser, men en drøftelsesplikt kan være en viktig påminnelse om å lytte til kunnskap om lokale forhold i den enkelte rettskrets. Når det gjelder opprettelser og nedleggelse av rettssteder, bør Domstoladministrasjonens myndighet etter domstoloven §§ 18 og 25 klargjøres, alternativt bør myndigheten formelt overføres til regjeringen, men da med en plikt til å drøfte også slike spørsmål med berørte domstoler og Domstoladministrasjonen. Behovet for større fleksibilitet når det gjelder rettskretsjusteringer og fastsettelse av rettssteder, taler for den første løsningen der Domstoladministrasjonen gis formell myndighet.

Domstolkommisjonen fremmer imidlertid ikke noe forslag om å endre den gjeldende myndighetsfordelingen mellom statsmaktene. Det vises til den pågående prosessen knyttet til endringer i domstolstrukturen. Kommisjonen antar at den fremtidige kompetansefordelingen må vurderes i sammenheng med hvilke endringer som eventuelt blir foretatt i gjeldende domstolstruktur. Ettersom dette er til behandling i departementet, fremmer kommisjonen i denne sammenheng heller ingen formelle forslag til lovendringer.

Regionrådet for Hallingdal vil hevde at kommisjonen sine synspunkt er tydelege når det gjeld DA, som bør ha mynde til nedlegging og oppretting av rettsstader. Det kan og vera verdt å merke seg at det blir argumentert for at Staten sine retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplasser ikkje er bindande for Domstoladministrasjonen, utan at det er vedteke ved kongeleg resolusjon. Det kan verke som om lokaliseringspolitiske mål ikkje er eit tema for kommisjonen, men blir meir sett på som ein hemske.

Regionrådet for Hallingdal må dessverre uttrykkje stor skepsis i forhold til DA sin evne og vilje til å sjå fordelar med mindre einingar i distrikta. Ut frå departementet sine vurderingar og DA sitt tankegodt, kan tingeretten og jordskifteretten fort bli eit ubemanna kontor med nærare fastlagte opningstider. Dersom DA får all makt til å styre bemanning ved rettsstadane skal det ikkje stor fantasi til for å tenkje at det vil kunne bli ei langsam utarming som vil skapa negative spiralar, som til sist blir eit argument for nedlegging.

Dersom kommisjonen sine hovudsynspunkt blir gjeldande vil det ikkje vera nokon garanti for at ein rettsstad blir oppretthalde, alt vil ligge i hendene på ein Domstoladministrasjon som har ei usvikleg tru på at effektivitet og kvalitet er lik store einingar.

Regionrådet for Hallingdal vil hevde at Hallingdal tingrett er ein institusjon som har ein sterk posisjon som statsmakt, der sorenskrivaren har ein heilt sentral rolle. Det blir på grensa til det paradiske å hevde: «Ved å utnevne avdelingsledere vil ledergruppene i den enkelte rettskrets bli større og mer robuste, noe som etter departementets syn vil kunne bidra til å styrke domstolenes posisjon som statsmakt.»

5.2 Kvalitet og effektivitet

I forhold til målet om større rettskretsar er det sjølv sagt argument for dette, men det kan ikkje vera slik at dersom påstandar blir hevda ofte nok så er det ei sanning.

- Er det slik at mindre rettskretsar har større problem med rekruttering enn større rettskretsar?
- Er det slik at kvaliteten ved mindre rettskretsar er dårlegare enn ved større rettskretsar?
- Er sakshandsamingstida lenger ved mindre rettskretsar enn dei større?
- «*Departementet mottar en rekke enkelthenvendelser fra privatpersoner som har eller har hatt sin sak til behandling i en domstol. I mange av disse henvendelsene gir avsenderne uttrykk for at de ikke har tillit til domstolene på grunn av måten deres saker har blitt behandlet på*», skriv departementet.

Gjeld dette i fyrste rekkje mindre rettskretsar eller blir det skapt eit inntrykk?

Regionrådet for Hallingdal har registrert at det frå Domstoladministrasjonen blir slege fast at dagens domstolstruktur er utdatert, og at det går utover både effektiviteten og kvaliteten på domstolen sine tenester. Det blir hevda at hovudårsaka til problema er for mange små domstolar. Det blir sagt at dette gir lite fleksibel drift, lite standardisering og liten mogelegheit til å tilpasse seg ein varierende saksinnangang. Dette fører til lengre sakshandsamingstid og uforvarleg sløsing med offentlege ressursar. Regionrådet for Hallingdal tillèt seg å stille spørsmål ved om struktur har fått for stor plass når det gjeld

effektivitet og kvalitet. Det syner seg m.a. at sektoren gjennomgåande har svært låg digital «modenhet» samanlikna med mange andre statlege verksemder. Det kan verke som om domstolane har sakka akterut i forhold til dei aller fleste offentlege etatar. Når me veit at formålet med den nasjonale digitaliseringspolitikken m.a. er å oppnå forenkling og effektivisering i offentlig sektor og gi betre tenester til innbyggjarane, må det kunne stillast spørsmål ved om eit stort uutnytta potensiale har kome i bakevja i forhold til struktur.

I eit heilt nødvendig digitaliseringsløft for domstolane bør eit velfungerande system for fordeling og utveksling av saker og dommarar på tvers av rettsstader og rettskretsar vera ei viktig tema. Effektane av denne type tilnærmingar bør vurderast før den enkle og «gamaldagse» tilnærminga med strukturendring eventuelt blir gjennomført.

5.3 Statlege arbeidsplassar i distrikta

Det er ei kjennsgjerning at distrikta treng fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning, dette er og noko regjeringa er fullstendig klar over og som det blir prøvd å ta grep i forhold til. Lokaliseringspolitisk mål skal vera ein faktor på lik linje med det enkelte direktorat og etat sine interne omsyn.

I [pressemelding 8.11.2019](#) sa regjeringa:

Regjeringen strammer grepet om fordelingen av statlige arbeidsplasser

Direktorater og etater kan ikke lenger legges ned statlige kontorer uten aksept fra departementet.

Når det gjeld Domstolsadministrasjonen kan det sjå ut som om den ikkje treng å forhalde seg til den statlege politikken, i forhold til statlege arbeidsplassar. Uansett tolking av DA sin meir eller mindre spesielle rolle bør det kunne forventast at også Domstolsadministrasjonen tek inn over seg målsettingane med statlege arbeidsplassar i distrikta.

Det synest og til nyleg framlagt NOU 2020: 12, Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn:

- *Ved oppretting av nye statlige virksomheter, strukturendringer eller omlokaliseringer av eksisterende virksomheter må vurderinger av lokaliseringpolitiske hensyn tillegges langt større vekt enn det som har vært tilfellet fram til i dag. Det må legges betydelig vekt på lokalisering i regionale sentra, der virksomhetene har størst potensial til å bidra til det lokale tilbudet av arbeidsplasser, både med hensyn til omfang og bredde.*
- *Utvalget støtter regjeringens innstramming som gjør at direktorater og etater ikke lenger kan legge ned statlige kontorer uten aksept fra regjeringen. Dette ut fra en erkjennelse av at en må unngå at enkeltsteder rammes urettmessig hardt når statlige arbeidsplasser flyttes eller legges ned.*
- *Positive og negative geografiske virkninger bør synliggjøres før det fattes beslutninger om lokalisering av statlige virksomheter. Utvalget mener at konsekvensene av endret tilgang til statlige tjenester for næringslivet i distriktsområder bør være en del av beslutningsgrunnlaget i store reformer.*

Etter **Regionrådet for Hallingdal** sitt syn er noko av hovudutfordringa i forhold til statlege arbeidsplassar spesielt i distrikta, der desse relativt sett har mest å seie, at dei ulike reforma og endringar ikkje blir sett i samanheng, men lever sine «eigne liv». Dette gjer at arbeidsplassar og tenester gradvis blir svekka, nesten usynleg, men over tid kan det bli store konsekvensar. Eit redusert fråvær av statlege tenester og med det arbeidsplassar gjev etter kvart inntrykk av lågare attraktivitet både i forhold til rekruttering og næringsetablering. Denne type sentralitseringskrefter kan staten gjera noko med ved å ha ei bevisst og tydeleg tilnærming.

I tillegg til sårt tiltrengte arbeidsplassar i form av dommarstillingar og marknadsgrunnlag for advokatkontor syner det seg at det juridiske miljøet forvitrar, dersom det ikkje er ein domstol i nærleiken. Dette er negativt for rettstryggleiken til borgerane, fordi det vert vanskelegare å få juridisk hjelp nært der dei bur.

Dersom forslaget frå Regjeringa blir vedteke må det fastsetjast ei minimumsbemanning i forskrift, der det blir slege fast eit fast minste tal dommarar og sakshandsamarar ved kvar rettsstad. Dette er avgjerande for å sikre brukarane den same nærleiken til domstolane som i dag. Dette vil og sikre arbeidsplassar i distrikta som krev høgare utdanning, og marknadsgrunnlag for advokatkontor som er med å gje innbyggjarane tilgang til juridisk kompetanse.

Slike heilskaplege, distriktspolitiske og samfunnsmessige omsyn må vera ein del av vurderingane, slik også målsettingane med statlege arbeidsplassar i distrikta er.

Hallingdal 16.11.2020

Petter Rukke (sign)
Ordførar Hol kommune

Herbrand Jegleim (sign)
Ordførar Gol kommune

Tore Haraldset (sign)
Ordførar Nesbyen kommune

Solveig Vestenfor (sign)
Ordførar Ål kommune

Pål Rørby (sign)
Ordførar Hemsedal kommune

Merete H. Gandrud (sign)
Ordførar Flå kommune